



Nelly Kjærland (til høgre) syng med fireåringane. Til venstre sit Marit Langballe.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Denne sundagen var dei yngste i høgste grad i fokus i ei nesten fullsett kyrkje, der det var familiegudsteneste.**

Ikkje berre vart tre nye uskedalingar døypte denne dagen, det var også utdeling av kyrkjeboka til 10 fireåringar ved kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark.

Sokneråda i Kvinnherad har ikkje den same praksisen for denne utdelinga, men i Uskedalen er det tradisjonelt fireåringane som får boka.

Etter utdelinga var det ei songstund som Nelly Kjærland leia. Fireåringane song for seg sjølve og etterpå fekk alle ungane i kyrkja bli med.

Den nye soknepresten, Sven Harald Nilsen, hadde gudsteneste for andre gongen i Uskedalen.



Fireåringane ventar på at dei skal få kyrkjeboka av kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark. (Foto: Ola Matti Mathisen)